"Få besøk" er eit tilbod til deg som ønsker meir kontakt med andre menneske.
Dette kan hjelpe med å gjere kvardagen lettare.

Du kan sjølv bestemme kva du ønsker hjelp til. Ein kan dra på turar, utflukter, middagar, trimgruppe eller gå i lag på ulike arrangement. Besøk kan vere ein nabo, familie eller ein som har same interesse.


**Kontakt oss:**
**Kinn kommune**
tlf.: 57 75 60 00
Kulturkoordinator tlf.: 979 91 802
www.kinn.kommune.no
post@kinn.kommune.no

**Florø frivilligsentral**
tlf. 902 22 692
www.floro.frivilligsentral.no

**Vågsøy frivilligsentral**
tlf. 907 46 471
www.vagsoy.frivilligsentral.no


Kinn kommune

# FÅ BESØK

## vi treng kvarandre


**Eit prosjekt støtta av Kinn kommune - helse og velferd**

Kinn kommune

# Gode grunnar til å få besøk

**(besøk, tur, kultur og aktivitet)**

**Meiningsfylt**
Det å møte andre menneske gjev kvardagen meining og kan gjere ein forskjell.

**Lettare kvardag**
Å vere i lag med nokon gjer det lettare å kome seg ut og oppleve ting du set pris på.

**Fellesskap**
Opplev tryggleik, livskvalitet og å tilhøyre ved å vere i lag med nokon. Vi treng alle fellesskap der vi vert sett.

**Identitet og eigarskap**
Vi vil at du skal kjenne deg inkludert og at vi kan vere ”VI”. Vi treng kvarandre, og å oppleve meining, meistring og engasjement.



# Kva er å få besøk?

**Det er ulike måtar du kan få besøk på - Du kan få besøk heime, du kan få ein turven, eller ein du går på aktivitet saman med.**

# Korleis får eg besøk?

Du får besøk av ein frivillig ved å kontakte oss i Kinn kommune. Du kan gjere det på ulike måtar:

1. Registrer deg på kommunen eller frivilligsentralene sine heimesider.

2. Kontakt tenestetorget i Kinn kommune:
Tlf. 57 75 60 00

3. Kontakt kulturkoordinator i helse:
Tlf. 979 91 802

4. Kontakt fastlegen din for informasjon.

